



ARDANGERBRUA
w.hardangerbru.no



Årsmelding 2016

Hardangerbrua As vart stifta 8.januar 1987 av kommunane: Bergen, Eidfjord, Granvin, Kvam, Ullensvang, Ulvik, Voss.

Selskapet sin føremålsparagraf:

«Føremålet til selskapet er å stå for bompengefinansiering/oppkrevjing til finansiering av Hardangerbrua og tilførselsveggar i samsvar med vedtak i Stortinget og avtale med Statens vegvesen.»

Hardangerbrua As vil bidra til:

- levande bygder i Indre Hardanger
- binde Hardanger saman
- betre tilhøva for trafikken aust-vest og nord-sør
- styrke banda mellom Bergen og Hardanger

Årsmøte

Ordinær generalforsamling vart halde i Løo i Granvin, den 22. juni 2016

Handsama vanlege årsmøtesaker som godkjenning av årsmelding og rekneskap, samt val av nytt styre.

Styremøter

Styret har hatt 5 ordinære møte, og handsama 40 saker i løpet av året.

Etter at vegvesenet har lagt opp til kvartalsvis nøkkeltalsrapport, har styret også gått over til styremøte og økonomirapportering kvartalsvis.

Møta vert heldne på Løo i Granvin, som er eit rimeleg alternativ og høveleg stad med omsyn til reiseavtandar for styremedlemene.

Johnny Håvik har etter at han vart valgt inn i styret flytta til Oslo og hatt vanskar med å møta. Difor har hans varamedlem Øyvind Hardeland møtt på alle styremøte i året.

Styreleiing

Solfrid Borge tok over som styreleiar på generalforsamlinga 22. juni 2016. Samstundes vart Einar Lutro valgt som dageleg leiar. Det er inngått avtale om økonomisk kompensasjon mellom styret og Einar Lutro. Kontor- og forretningsadresse er 5781 Lofthus i Ullensvang Herad.

På generalforsamlinga vart det også valgt nytt styre. Eigarane hadde også gitt melding om at styret skulle reduserast frå 7 til 5 medlemmer med personlege varamedlemmer. 3 oppnemd av fylkeskommunen og 2 av dei øvrige eigarkommunane.

Det nye styret er:

Frå fylkeskommunen: Solfrid Borge som leiar
Einar Lutro som medlem
Johnny Håvik som medlem
Frå dei øvrige kommunane: Gunn Berit Lunde Aarvik som medlem
Harald Victor Hove som medlem

Krav om likestilling mellom kjønna er dermed ivareteke i styret.

Personlege varamedlemmer:

Frå fylkeskommune: Torill S. Nyborg som personleg vara for Solfrid Borge
Stein Inge Ryssdal som personleg vara for Einar Lutro
Øyvind Hardeland som personleg vara for Johnny Håvik
Frå dei øvrige kommunane: Anved Johan Tveit som personleg vara for Gunn Berit Lunde Aarvik
Hans Petter Thorbjørnsen som personleg vara for Harald Victor Hove



Aktivitet i meldingsåret


2016 var det tredje heile driftsåret for brua, og med det oversikt over trafikktutvikling som påvirkar trafikken over brua. I stortingsproposisjonen for brua vart Statens vegvesen sin stipulerte trafikkprognosen på gjennomsnittleg 1950 køyretøy pr. døgn i opningsåret og ein trafikkauke årleg på 1 % lagt til grunn. Resultatet så langt viser at vi har oppnådd 93 % av denne prognosen. Men med ein årleg trafikkauke på over 5 % vonar styret å henta inn igjen prognosen.

Det som vert avgjerande i framtida er trafikktutviklinga i regionen. Spesielt her er trafikken aust-vest, og kva fjellovergang som vert nytta. Trafikktala viser ein klar samanheng mellom brua og Hardangervidda. Styret føl denne utviklinga nøye, og registrerar og trafikken på dei andre alternativa. Viser til tabell og kurvar nedanfor.

Konklusjonen er, at er ein sikker på at det er ope over Hardangervidda, vel fleire og fleire denne traseen.

Oversikt som viser trafikk som påvirkar brua

	2012	2013	Diff.13/12	2014	Diff.14/13	2015	Diff.15/14	2016	Diff.16/15	Diff.12-16	Diff.12-16	Tungvogn %
Hardangerbrua	958	1236	29,0%	1621	31,1%	1730	6,7%	1819	89	861	89,9%	15,00%
Hardangervidda	759	929	22,4%	976	5,1%	1087	11,4%	1151	64	392	51,6%	18,50%
Hemsedal	1232	1138	-7,6%	1246	9,5%	1280	2,7%	1276	-4	44	3,6%	29,30%
Lærdalstunnelen	1896	1750	-7,7%	1936	10,6%	1921	-0,8%	1981	60	85	4,5%	26,20%
Gudvangatunnelen	2061	1766	-14,3%	1995	13,0%	1967	-1,4%	2104	137	43	2,1%	26,90%
Ferjene på Hardangerfjorden	1569	1539	-1,9%	1467	-4,7%	1410	-3,9%	1611	201	42	2,7%	
Hovland, Rv13	994	1063	6,9%	1192	12,1%	1231	3,3%	1148	-83	154	15,5%	10,00%



Trafikk på brua

Tabellen nedanfor viser totaltrafikk månad for månad, utrekna pr. døgn og samanlikna med prognose, både i antal og %, samt samanlikning med fjoråret. Årstrafikken enda på 665764 køyretøy som er ei auke i høve fjoråret på 5,1 % . Denne trenden ser ut for å halda fram i 2017.

Tabellen viser også antal miljøkøyretøy som utgjør 3,37 % av den totale trafikken. Sjølv om dette ligg under landsgjennomsnittet, er utviklinga ein svak auke.

	Januar	Februar	mars	april	mai	juni	juli	August	September	Oktober	November	Desember	Pr.dato
Sum	27438	32852	45099	37835	48110	70555	129620	101707	63524	50134	28960	29930	665764
Pr. døgn (ÅDT)	885	1133	1455	1261	1552	2352	4181	3281	2117	1617	965	965	1819
Prognose	1000	1161	1371	1607	1839	2757	4310	3629	2083	1456	1100	1003	1950
Differanse	-115	-28	84	-346	-287	-405	-129	-348	34	161	-135	-38	-131
I %	89 %	98 %	106 %	78 %	84 %	85 %	97 %	90 %	102 %	111 %	88 %	96 %	93 %
2015	713	960	1153	1321	1597	2190	3655	3611	1926	1551	1057	943	1730
Diff. 2015/2016 I %	24,1 %	18,0 %	26,2 %	-4,5 %	-2,8 %	7,4 %	14,4 %	-9,1 %	9,9 %	4,3 %	-8,7 %	2,4 %	5,1 %
Statens vegvesen	872	1126	1444	1262	1542	2338	4158	3266	2124	1611	962	960	
Miljøkøyretøy	1390	1331	1624	1695	1746	2040	2323	2278	2203	2188	1806	1792	22416
	5,07 %	4,05 %	3,60 %	4,48 %	3,63 %	2,89 %	1,79 %	2,24 %	3,47 %	4,36 %	6,24 %	5,99 %	3,37 %

Økonomi

Rekneskapen for 2016 er ført av Hardanger Økonomiservice AS, Eidfjord som også har sett opp årsrekneskapen. Den viser inntekter for Hardangerbrua A/S for året kr. 102 501 821 og eit driftsresultat kr. 55 604 594. Av dette utgjør styrehonorar og møtegodtgjersla kr. 90 000.

Driftsresultatet blir brukt til å betala renter og skriva ned på innkrevingsretten. Avskrivings-summen vert avpassa slik at årsresultatet blir 0.

Ved årskiftet utgjorde innkrevingsretten kr. 1 494 007 354. Rest forskottering av vegen Bu-Brimnes III kr. 1 500 000, ferjekompensasjon kr. 60 700 000, kundefordringar kr. 7 977 216, andre fordringar kr.16 927 og bankinnskot kr. 30 517 513. Det vil sei sum eigendeler kr. 1 593 219 010.

All kapital er tråd med bompengeaftalen plassert i ordinære bankkonti.

Styret driv kontinuerleg aktiv låneforvaltning for å freista oppnå dei beste lånevilkåra.

Pr. 31.12.2016 var låneopptak plassert slik:

- Kr. 1 030 000 000 i Kommunalbanken, flytande rente 1,85 %
- Kr. 100 000 000 i KLP Kommunekredit, fast rente 24 mnd. 1,58 %
- Kr. 270 000 000 i Danske Bank, fast rente 12 mnd. 1,23 %
- Kr. 100 000 000 i DNB, fast rente 12 mnd. 1,32 %

Hordaland Fylkeskommune stiller garanti for låna.

Selskapet har også inngått ein rentesikring (swapavtale) på fastrente til 4,31 % i DnB NOR som iflg. stortingsproposisjonen. Sikringssummen ved årskiftet kr. 905 594 250 vert redusert kvartalsvis over innkrevingsperioden.

Prosjektleiinga har ikkje rekvirert ut pengar i året. Dei totale rekvisisjonane for brua blir dermed pr. 31.12.2016 det same som i fjor, d.v.s. kr. 2 051 200 000.

Forskotsinnbetalte bompengar på ferja Brimnes – Bruravik på kr. 53 812 794 er aktivert som gjeld og blir inntektsførde lineært over innkrevingsperioden på 15 år.

Risikofaktorane i økonomien er sviktande trafikk av ymse årsaker, tap på krav og/eller at gjeldsrentene stig kraftig i komande år. Det er lagt opp til nedbetalingstid på 15 år, men med rett til forlenging til 20 år. I tillegg kan passerings-satsane aukast med inntil 20 %.

Analyse av det økonomiske driftsresultatet vert gjort ved hjelp av eit Excel rekneark med kjente faste og stipulerte variable verdier. Tendensen sålangt er positiv med ein auke i inntektene i 2016 på 3,65 %.

Selskapet sin driftsøkonomi og klare mandat frå fylkestinget i Hordaland og dei andre eigarane, gjer at selskapet har føresetnader for framhald av drifta.

Revisjon

Rekneskapen er revidert av revisor Arild Petersen ved Revisjon Voss.

Miljøverknad


I høve selskapet sin formålsparagraf er oppgåva å syte for at Hardangerbrua blir bygd og betalt. Selskapet har inga produksjon med utslepp til det ytre miljø.

Ymse

Med omsyn til andre økonomiske tilhøve, syner vi til årsoppgjeret som etter styret si oppfatning gjev fullnøyande informasjon om drifta i selskapet og om stoda ved årsskiftet.


Granvin, 05.05.2017


.....
Gunn Berit Lunde Aarvik


.....
Harald Victor Hove


.....
Øyvind Hardeland


.....
Einar Lutro, dagl.leiar


.....
Solfrid Borge, styreleiar

Årsrekneskap 2016 for Hardangerbrua AS

Foretaksnr. 942032757

Utarbeid av:

Hardanger Økonomiservice AS
Autorisert rekneskapsførarselskap
Postboks 40
5786 EIDFJORD
Rekneskapsførarnummer 986173943

Resultatregnskap

	Note	2016	2015
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Passeringsinntekter	1	94 941 509	91 608 853
Annen inntekt	1	7 560 312	7 291 124
Sum driftsinntekter		102 501 821	98 899 976
Driftskostnader			
Lønnskostnad	2	405 632	391 426
Administrasjonskostnader		641 895	455 339
Innkrevingskostnader		3 100 809	3 315 138
Tap på fordringer		13 938	(563 574)
Avskrivingskostnader	3	42 734 953	36 273 373
Sum driftskostnader		46 897 227	39 871 702
DRIFTSRESULTAT		55 604 595	59 028 275
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		600 231	1 796 565
Sum finansinntekter		600 231	1 796 565
Finanskostnader			
Annen rentekostnad	4	56 204 826	60 824 839
Sum finanskostnader		56 204 826	60 824 839
NETTO FINANSPOSTER		(55 604 594)	(59 028 275)
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		0	0
ÅRSRESULTAT		0	0
OVERFØRINGER OG DISPONERINGER			
Overføringer annen egenkapital		0	0
SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER		0	0


Balanse pr. 31.12.2016


	Note	31.12.2016	31.12.2015
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Immaterielle eiendeler			
Innkrevingsrett bompenger	3	1 494 007 354	1 536 742 307
Sum immaterielle eiendeler		1 494 007 354	1 536 742 307
Finansielle anleggsmidler			
Andre fordringer	5	60 700 000	105 700 000
Sum finansielle anleggsmidler		60 700 000	105 700 000
SUM ANLEGGSMIDLER		1 554 707 354	1 642 442 307
OMLØPSMIDLER			
Fordringer			
Kundefordringer	10	7 977 216	7 924 233
Andre fordringer		16 927	11 780
Sum fordringer		7 994 143	7 936 013
Bankinnskudd, kontanter o.l.	6	30 517 513	54 650 358
SUM OMLØPSMIDLER		38 511 656	62 586 371
SUM EIENDELER		1 593 219 010	1 705 028 679

Balanse pr. 31.12.2016

	Note	31.12.2016	31.12.2015
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital 15 aksjar à kr 10 000	7	150 000	150 000
Sum innskutt egenkapital		150 000	150 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		21 309 860	21 309 859
Sum opptjent egenkapital		21 309 860	21 309 859
SUM EGENKAPITAL		21 459 860	21 459 859
GJELD			
LANGSIKTIG GJELD			
Avsetning for forpliktelser			
Andre avsetninger for forpliktelser		53 812 794	58 439 346
Sum avsetning for forpliktelser		53 812 794	58 439 346
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	4	1 500 000 000	1 600 000 000
Sum annen langsiktig gjeld		1 500 000 000	1 600 000 000
SUM LANGSIKTIG GJELD		1 553 812 794	1 658 439 346
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		260 338	1 765 664
Skyldig offentlige avgifter		58 967	49 726
Annen kortsiktig gjeld	9	17 627 052	23 314 085
SUM KORTSIKTIG GJELD		17 946 357	25 129 474
SUM GJELD		1 571 759 151	1 683 568 820
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		1 593 219 010	1 705 028 679

Granvin 05. mai 2017


Solfrid Borge
styreleiar

Gunn Berit Lunde Aarvik
nestleiar

Einar Lutro
styremedlem

Johnny Håvik
styremedlem

Harald Victor Hove
styremedlem

Noter 2016

Rekneskapsprinsipp:

Årsrekneskapsprinsippet er sett opp i samsvar med lov og god rekneskapskikk.

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som fell til betaling innan eitt år etter siste dag i rekneskapsåret. Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av kostpris og antatt verkeleg verdi (Lågaste verdi prinsipp).

Passeringsinntekter og anna inntekt

Passeringer ved bomstasjonen vert inntektsført til verkeleg verdi på passeringstidspunktet som passeringsinntekter. Tilleggsavgifter og eventuelle purregebyrer klassifiserast som anna inntekt. Forskotsbetalingar frå kundar vert balanseført som anna kortsiktig gjeld og først teken til inntekt når kunder vert belasta for passering.

Selskapet har krevd inn førehandsbompengar på ferjestrekningen Brimnes Bruravik. Desse inntektene er å sjå på som forskotsinnbetalingar som skal dekke framtidige kostnader og vert derfor bokførde som gjeld. Førehandsbompengane vil verte inntektsførde over innkrevingsperioden.

Innkrevingskostnader

Som innkrevingskostnader vert bokført kostnader direkte relatert til innkreving av bompengar.

Administrasjonskostnader

Som administrasjonskostnader føres andre driftskostnader som ikkje direkte er knytt til innkreving.

Avviklingskostnader

Det førligg inga vesentlege avviklingskostnader. Statens Vegvesen eig bomstasjonane og har ansvar for å fjerna dei. Øvrige avviklingskostnader for selskapet er uvesentlege.

Noter 2016

Immaterielle egedelar/aktivert innkrevingsrett

Prosjekt og finanskostnader i byggjeperioden som overstig mottekne offentlege tilskot blir aktivert under posten aktivert innkrevingsrett. Prosjektkostnader blir utbetalt til Statens Vegvesen som er byggherre og brueigar. Hardangerbrua AS skal finansiera brubyggjinga.

Hardangerbrua AS har ei avtale med Staten Vegvesen om at selskapet kan krevja inn bompengar i ein periode på 15 år. Frå brua vert teken i bruk skal innkrevingsretten avskrivast over innkrevingsperioden på 15 år.

Jamfør rettleiar for rekneskapsføring i bompengeselskap er det vald ein progressiv avskrivingsmetode som inneber at selskapet nyttar sitt overskot til avskrivning på innkrevingsretten. Dette inneber at ein auker avskrivingsbeløpa i takt med selskapets evne til å nedbetale på lånegjeld.

Fordringer

Det vert føreteke ei skjønsmessig vurdering av tap på fordringsmassen pr. 31.12

Skatt

Selskapet er friteken frå skattlegging då selskapets føremål ikkje er økonomisk vinning for aksjonæranne.

Note 1 - Inntekter

	2016	2015	2014
Inntekter lokale autopass avtalar	18 451 955	16 994 220	15 061 350
Inntekter eksterne autopass avtalar	58 749 150	57 798 426	50 779 265
Inntekter utan autopassavtalar	17 740 404	16 816 207	19 008 364
Sum inntekter	94 941 509	91 608 853	84 848 979
Inntektsført forskotsbetalte bompengar	4 626 552	4 626 552	4 626 552
Tilleggsavgifter	2 933 760	2 664 572	1 888 809
Sum andre inntekter	7 560 312	7 291 124	6 515 361
Sum inntekter	102 501 821	98 899 977	91 364 340

Noter 2016

Note 2 - Lønskostnad

Styremedlem Einar Lutro har fungert som dagleg leiar etter han gjekk av som arb. styreleiar.

Spesifikasjon av lønskostnader	I år	I fjor
Løn	365 000	353 490
Arbeidsgjevaravgift	39 297	37 936
Pensjonskostnader	0	0
Anna personalkostnader	1 335	0
Totalt	405 632	391 426

Ytingar til leiande personar og revisor

Dagleg leiar	304 392
Honorar	275 000
Styregodtgjersle dagleg leiar	25 000
Fordel elektronisk kommunikasjon	4 392
Godtgjersle andre styremedlem	40 000
Bedriftsforsamling	0
Revisjonshonorar:	
Revisjon	22 500
Andre tenester	18 375
Samla honorar til revisor inkl mva	40 875

Selskapet er ikkje pliktig til å etablere obligatorisk tenestepensjon for sine tilsette.

Noter 2016

Note 3 - Aktivert innkrevingsrett, tildelte tilskot og finanskostnader

	2016	2015	2014
Overført frå førre år	1 600 027 191	1 525 027 191	1 584 027 191
Aktiverte utbetalingar SSV		75 000 000	12 000 000
Aktivert netto finans			
Overført til fordring ferjekomp SSV			(71 000 000)
Sum anskaffelseskost innkrevingsrett 31.12	1 600 027 191	1 600 027 191	1 525 027 191
Akkumulert avskrivning 01.01	(63 284 884)	(27 011 511)	(6 693 802)
Avskrivning innkrevingsrett	(42 734 953)	(36 273 373)	(20 317 709)
Akkumulerte avskrivningar 31.12	(106 019 837)	(63 284 884)	(27 011 511)
Bokført verdi innkrevingsrett	1 494 007 354	1 536 742 307	1 498 015 680

Innkrevingsretten er avskrevet frå bruåpninga 17. august 2013. Det er vald ein progressiv avskrivingsmetode som gjer at avskrivningar vert ført i takt med selskapet evne til å nedbetale lånegjeld.

Note 4 - Lån frå kreditinstitusjonar og finansielle instrument

Selskapet inngjekk i 2009 ein rentebyteavtale der selskapet betalar 4,31% rente og mottok 3 mnd Nibor. Profilen til denne rentebyteavtalen forutsette ein tidlegare byggstart av Hardangerbrua. Virkningen er at selskapet i 2016 har sikra ca 60% av låna på 4,31% rente og har flytande rente på resten. Sikringsandelen vil synke gradvis frå dagens ca 60% til 0% i 2024 då rentebyteavtalen går ut.

Gjennomsnittlig rentekostnad for 2016 vart 3,64%

Konto	Bank	Lånesaldo 2016	Lånesaldo 2015	Forfall
2243	Kommunalbanken	1 000 000 000	1 000 000 000	30.06.2028
2244	Kommunalbanken	-	270 000 000	
2246	Kommunalbanken	30 000 000	230 000 000	30.06.2028
2248	KLP	100 000 000	100 000 000	30.11.2017
2249	DnB	100 000 000		22.02.2017
2250	Danske Bank	270 000 000		29.08.2017
Sum		1 500 000 000	1 600 000 000	

Hordaland Fylkeskommune har stilet garanti for lånene.

Noter 2016

Note 5 - Andre fordringer på Statens Vegvesen

Andre fordringer kr 1 500.000 er forskottering av midlar til Statens Vegvesen region Vest til bygging av rv 13 Bulatået. Forskotterte midlar vil bli refundert over Statens vegvesen sitt handlingsprogram for periode 2014-2017, utan kompensasjon for renter.

Forskotterte ferjekompensasjon midlar på kr 59 200 000. Desse vil verte utbetalt i løpet av bompengerperioden på 15 år.

1390 FORSKOTTERING BU BRIMNES III	1 500 000	42 500 000
1391 FORSKOTTERING FERJEKOMPENSASJONSM	59 200 000	63 200 000
Sum Andre fordringer	60 700 000	105 700 000

Note 6 - Bankinnskudd, kontanter o.l.

Skattetrekkinnnskudd utgjør pr 31.12. i år kr 46 250 og utgjorde pr 31.12. i fjor kr 38 290.

Note 7 - Aksjekapital

Selskapets aksjekapital består av 15 aksjar pålydande kr 10 000. Alle aksjane har lik stemmerett på generalforsamlinga. Selskapet aksjonærar er:

<i>Aksjonær</i>	<i>Antall</i>	<i>Andel</i>
Hordaland Fylkeskommune	8	53,33 %
Bergen Kommune	1	6,67 %
Eidfjord Kommune	1	6,67 %
Ullensvang Herad	1	6,67 %
Ulvik Herad	1	6,67 %
Kvam Herad	1	6,67 %
Voss Kommune	1	6,67 %
Granvin Herad	1	6,67 %
Sum	15	100,00 %

Note 8 - Forskotsinnbetalte bompengar

Forskotsinnbetalte bompengar vert bokførde som avsetning til forpliking i byggjeperioden. Desse vert inntektsførd lineært over innkrevjingsperioden på 15 år frå 2013 då brua opnar.

Noter 2016

Note 9 - Annen kortsiktig gjeld

Posten består av påløpne renter på lån og skyldig løn og forskottsbetalingar knytt til autopassavtalar. Forskottsbetalingar knytt til autopassavtalar er kr 15 007 817.

Note 10 - Tap på fordringer

Kundefordringar består av krav på innbetaling av bompengar. Det er føreteke nedskrive med forventa tap på krav på kr 1 000 000.

Til generalforsamlinga i Hardangerbrua AS

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Hardangerbrua AS sin årsrekneskap som viser eit årsresultat på kr. 0. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2016, resultatrekneskap og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2016, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i styret si årsmelding som ikkje omhandlar årsrekneskapen, føresetnad om fortsatt drift og handsaming av årets resultat.

Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvissande bilde i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For ytterlegare omtale av revisor sine oppgåver og plikter viser ein til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga


Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til handsaming av årets resultat er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

VOSS, 5. mai 2017

Revisjon Voss AS


Arild Petersen

Registrert revisor